

Spørsmål frå Alexander Fosse Andersen (Sp) om lærebøker på nynorsk

Ifølgje opplæringslova §9-4 kan ein i grunnskulen og vidaregåande opplæring, med nokre unntak, berre bruke lærebøker og andre læremiddel som ligg føre på både bokmål og nynorsk til same tid og til same pris. I samband med fagfornyinga vert det produsert nye læremiddel for VG1 som skal takast i bruk skuleåret 2020/21. I ein epost til hovudutval for opplæring og kompetanse 15.09.20 vidareformidla utvalsleiar korleis NDLA har jobba med å sikre læremiddel på begge målformer. I orienteringa frå NDLA kom det tydeleg fram at dei jobbar medvite for å fylgje parallellitetskravet for læremiddel.

Underteikna har fått informasjon om at det har vore utfordrande å skaffe læremiddel på begge målformer til skulestart i august 2020. Hafstad vidaregåande skule melder om at dei per 21.09 manglar naturfagbøker på nynorsk på VG1. Etter Senterpartiet si meining er dette eit klart brot på parallellitetskravet i opplæringslova og veldig ugreitt for elevar med nynorsk som hovudmål.

Eg har difor desse spørsmåla til utvalsleiaren:

1. Er den manglande naturfagboka på nynorsk ved Hafstad vgs. eit særtilfelle? Og i kva grad er lærebøker/læremiddel tilgjengeleg på begge målformer for elevane i dei vidaregåande skulane i Vestland?
2. Kva gjer ein for å sikre at dei elevane som per i dag ikkje har læremiddel på ynskt målform får det?
3. Korleis kan Vestland fylkeskommune bidra til at forlag og andre produsentar av læremiddel oppfyller parallellitetskravet for læremiddel?

Fosse 04.10.20

Alexander Fosse Andersen
Vestland Senterparti